

Ottar Myrtveit, Landbrukskontoret.

Viser til telefonsamtale i dag og 25/4.

Gjeld organiseringa av hjortejakta i Indre Haugsdal, gardsnr 56, 53 og 54.

Underskrivne eigarar av gardsnr 56, bruksnr 1 i Masfjorden, gav 17. august 2021 Ingvar Vik fullmakt til å representera vårt bruk i jaktlaget for felles vald i midtre del av Indre Haugsdal. Fullmakta vart ikkje godteken av valdansvarleg, noko som førte til at bruk 1 berre fekk 1 dyr av Kjetland sin kvote i 2021. Dette er ikkje ein situasjon som me kan godta for framtida. Etter som det er høve til å skilja ut område av valdet som eige jaktfelt, søker me med dette om at bruk 1 på gardsnr 56 Kjetland blir skilt ut som eige jaktfelt før jaktseasonen 2022. Me oppnemner Ingvar Vik som leiar for bruk 1 sitt jaktfelt, med ansvar for jakta av vår kvote innanfor fastsette grenser og rapportering til, og naudsynt kontakt med, valdansvarleg.

Ingvar Vik vil etter vårt syn (i følge vår fullmakt) vera ein stor ressurs for eit kvart jaktlag. Grenser for jaktfeltet vil vera dei utskifte områda under skoggrensa som tilhøyrer bruk 1, og den delen av felles fjellområde aust for Dalelva som tradisjonelt/historisk har vore disponert av bruk 1 som beiteområde og grunnlag for seterdrift. Me vil avmerka desse område på kart som du lovar tilsendt. Når det gjeld Kjetland sin totale kvote av dyr i fellesvaldet, ber ein landbrukskontoret fastslå dette på grunnlag av utrekna areal. Bruk 1 sin del av Kjetland sin kvote bør så etter vårt syn fordelast etter skyld.

Med helsing Marita og Albert Kjetland:

Marita Kjetland  
Albert Kjetland

Kjetland, 26. april 2022.

Vedlegg: Fullmakt til Ingvar Vik, d atert 17. august 2021.

Kopi til: Ingvar Vik

Ole Tuvberg

Anders Kjetland

Armund Kjetland

Sigrbjørn Kjetland

Wils H. Kjetland